

# Bunaden

Bunaden vart vanleg å bruke på byrjinga av 1900-talet.

På denne tida var folk opptekne av det som var norsk. Difor kledde dei seg i klede som vart brukt av folket i hundrevis av år. Desse kleda heiter folkedrakter.

Bunaden er ei norsk folkedrakt. Mange knyter bunaden spesielt til feiringa av 17. mai, men han blir også brukt til barnedåp, konfirmasjonar og bryllaup.



Bunadar er kostbare og blir ofte brukt gjennom fleire generasjonar. Mange får ein bunad når dei konfirmerer seg. Nokre arvar bunaden sin, andre får ein heilt ny.

Det finst om lag 450 ulike bunadar. Bunadane er forskjellige i ulike deler av Noreg. Difor kan ein bunad ofte vise kvar ein person eller familien kjem frå.

I dag er bunaden eit viktig symbol på norsk kultur, historie og identitet.

*Spørsmål til teksten:*

1. Kva er ein bunad?

---

2. Kvifor byrja folk å bruke bunad på 1900-talet?

---

---

---

3. Ved kva høve blir bunaden brukt?

---

---

---

4. Kvifor trur du det er viktig å ta vare på tradisjonar som bunaden?

---

---

---

## Bilettekreditering:

Wolfmann. *Bunader i utstillingsvindu i Tønsberg (2022)*.

Henta frå Wikimedia Commons:

<https://commons.wikimedia.org/wiki/>

[File:BUNAD Telemarksbunad dame Kvinnebunad Øst-Telemark beltestakk Liv Skjorte Knapper Sølje Belte broderier Norwegian traditional folk costume. Utstillingsvindu Window display Tønsberg Norway 2022 IMG 3 984.jpg](#)

Lisens: Creative Commons Attribution-Share Alike 4.0 (CC BY-SA 4.0)